

Kommunale vigslar frå 2018

21.09.2017



Av: Stord kommune

Publisert: 01.09.2017 13:34

Oppdatert: 01.09.2017 14:06

Kommunale vigslar frå 2018

Stortinget har no vedteke at vigselsmynde skal overførast frå tingretten til kommunane.

Ekteskapslova er endra slik at ordførarar, varaordførarar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret gir slik mynde, får mynde til å vigsla par.

- Det er enno ikkje fastsett når denne lovendinga skal tre i kraft, men det er sagt at den skal gjelda frå 1. januar 2018, seier rådmann Magnus Mjør. Me ventar no på eit rundskriv frå departementet som skal gjera nærare greie for ordninga og gje råd om korleis kommunane bør førebu seg på den nye oppgåva. Me lyt starta planlegginga så snart me får desse avklaringane, me har alt fått forespurnader om å utføra vigsel til neste år.

Kommunane må frå lova trer i kraft vera klar til å ta imot brurepar som ønskjer å gifta seg borgarleg. Tilbodet skal vera godt og tilgjengeleg. Kommunen vert plikta å ha eit kommunalt vigseltilbod til egne innbyggjarar og personar som ikkje er busette i Noreg og kommunen sitt alminnelege vigseltilbod til desse skal vera gratis. Dersom det vert opna for å vigsla utanfor kommunen sine lokale, ut over ordinære opningstider eller for brurefolk som ikkje er busette i kommunen, så kan kommunen krevja å få dekkja meirkostnadene med det.